



## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet i Solsida barnehage

Onsdag 09.10.2023 kl. 17:00-19:00

Stad: Solsida Toene

Desse møtte: Camilla, Marita, Roy, Jofrid, Tommy, Svanhild, Mona Elin og Elin Siv

Sak	Informasjon/innspel	Vedtak
<b>Presentasjon av Samarbeidsutvalet (SU) og SU sine oppgåver. Val av leiar i SU.</b>	<p>Samarbeidsutvalet representera foreldregrappa. Andre foreldre kan ta kontakt med samarbeidsutvalet.</p> <p>SU skal ha ein leiar og nestleiar.</p>	<p>Leiar: Camilla (Toene) Nestleiar: Roy (Haugum)</p> <p>Det er ok å publisere både telefon nr. og epost på nettsida. Gjerne oppmode om at foreldra tek kontakt med representantane.</p>
<b>Gjennomgang av referat frå sist møte</b>	<p>Referat frå samarbeidsutvalet ligg på heimesida →Sunnfjord kommune→Solsida barnehage→utval.</p> <p>Innspel til høyringsutkast av Framtidig barnehagestruktur. Veldig bra innspel frå foreldrerepresentantane i Solsida barnehage.</p> <p><a href="#">Her kan du lese innspel og vedtak.</a></p>	
<b>Barnehagefakta</b>	<p>Vi rapporterer 15.desember kvart år. Informasjonen på barnehagefakta vert oppdatert i februar året etter.</p> <p>Solsida barnehage er innafor både når det gjeld bemanning og pedagogtettleik. Vi har ei erfaren og kompetent personalgruppe.</p> <p><a href="#">Barnehagefakta Haugum</a> <a href="#">Barnehagefakta Toene</a></p>	
<b>Orientering om sjukefråvær, opptak</b>		



Vi har jobba mykje med sjukefråvær over ein lang periode. Solsida har stabilisert sjukefråværet under 10% siste åra

Fekk arbeidsmiljøprisen i 2022.

Opptak:

Solsida Haugum har 6 frosne plassar. I realiteten utgjør det 3 småbarnsplassar. Avdeling Merkur på Solsida Haugum har grunnbemanning på 2 tilsette og 6 barn. Vi har auka opp bemanninga ein dag i veka for å at det skal vere mogeleg å ta ut plantid.

Solsida Toene har nokre plassar reservert til barn av flyktningar, utan om desse har vi fullt.

Økonomi:

Barnehagane har stramme driftsbudsjett.

Likevel er det vedteke innsparingsplan for Sunnfjordbarnehagane.

Det utgjør ei stor skilnad om Solsida vert rekna som ein barnehage med sju avdelingar, eller som to barnehagar med tre og fire avdelingar. Vi meina vi må reknast som to barnehagar, sidan vi ikkje har stordriftsfordelar på to ulike adresser. Denne saka er framleis ikkje avklart.

**Kompetansemidlar og vidareutdanning. Informasjon. Innspel i høve utviklingsarbeid.**

Solsida har søkt og fått 231 000 kr til prosjektet voksen-rolla i leik. Får rettleiing frå høgskulen. Skal jobbe med det til våren 2024. Styrar sender kopi av neste rapportering til foreldrerepresentantane.

Solsida har fått midlar for å støtte opp om pedagogane som tek vidareutdanning, 100 000 kr pr student. Vi har ein tilsett som tek vidareutdanning i år.




Sunnfjord  
kommune

## Temakveld for føresette og personal



	<p>25.oktober kl. 17:00-19:00 arrangerer vi temamøte for føresette og personal på Rådhuset i Førde. Tema er betre samarbeid med barn. Vi tenkjer at mange barn vi dra nytte av at personalet og tilsette har felles kunnskap og kan møte dei likt i ulike situasjonar.</p>	<p>Det kjem ut ein plakatt på kvar avdeling, der foreldra kan melde seg på. Blir vi meir en 70 personar må vi finne nytt møterom.</p> <p>Vi serverer kaffi og te. Kanskje litt druer og sjokolade.</p>
<b>Hjartesamling. NOK</b>	<p>Dei tilsette har fått opplæring av NOK i Hjartesamling. Tanken er at vi skal ha ei runde med Hjartesamlingar kvart år.</p> <p>NOK: Vi ynskjer og at alle tilsette i barnehagane skal ha kjennskap til og ei grunnforståing for kva det gjer med barn å bli utsett for seksuelle overgrep, kva teikn og symptom kan ein sjå etter og kva ein skal gjere dersom ein er bekymra for eit barn.</p> <p>Les meir om <a href="#">NOK sitt arbeid her</a>. <a href="#">Hjartesamling kan du lese meir om her</a>.</p>	<p>Foreldra støttar dette opplegget.</p> <p>Lurt å varsle foreldra om kva periode vi skal jobbe med NOK sitt opplegg. Treng ikkje varsle om kva dag.</p>
<b>Bemanning i barnehagen</b>	<p>Føresette opplever at det er mange barn og få vaksne både ved levering og henting. Dei stiller spørsmål ved om ikkje krav til grunnbemanning gjeld heile dagen?</p> <p>Kvar står det at norma om ein vaksen pr seks barn over tre år, og tre barn under tre år, berre gjeld mellom kl. 09:00- og 14:30.</p> <p>(Og gjeld ikkje norma når pedagogen har plantid, eller personalet har lunsj?)</p> <p>Personalet stadfestar at det kan vere komme opp til 12 barn (stor avdeling) / 7 barn (småbarnsavdeling) før mellomvakta kjem på jobb. Det hjelper ikkje å forskyve mellomvakta, for utfordringa er den same på ettermiddag når mellomvakta går. Då er ungane i tillegg trøtte og treng meir vaksenkontakt.</p> <p>Fleire born har lengre dagar i barnehagen no enn før. Behovet for nok vaksne går over heile opningstida.</p>	<p>Samarbeidsutvalet i Solsida vi utfordre politikarane i Sunnfjord til å auke grunnbemanning i Sunnfjord barnehagen allereie no. Vi tenkjer på korleis fram til neste Samarbeidsutvalsmøte.</p>



I økonomiplanen til Sunnfjord kommune ligg det inne midlar til auka grunnbemanning i 2027. SU meina at dette må prioriterast før.

Sunnfjord kommune vil vere ein attraktiv kommune, ein stad ungdomen ynskjer å komme attende til. Barnehagekvalitet er viktig for nyetablerte.

Er det mogeleg å jobbe for dette saman med andre foreldrerepresentantar i kommunen?

Neste SU møte:  
Torsdag 25.01.2023 kl. 17:00-19:00

- Oppgåvene til Samarbeidsutvalet knytt til sommarfest, 17.mai og dugnad
- Barnehagepermen i framtid.
- Korleis få Sunnfjord kommune til å auke grunnbemanning i barnehagen no?